

# Hjartdal kommune

Styre, råd, utval	Møtedato	Saknummer	Sakshandsamar
Formannskapet	29.05.2008	034/08	JS

**Saksansvarleg:** Jan Sebjørnsen      **Arkiv:** K1-203      **Arkivnr.:** 2008000518

## OFFENTLEG INNKREVING (NOU 2007:12) HØYRINGSUTTALE

### Dokument i saka:

Nr	T	Dok.dat	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	22.05.2008	nou	OFFENTLEG INNKREVING (NOU 2007:12) HØYRINGSUTTALE


### Vedlagde dokument:

Ingen

### Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

### Saksgang:

Formannskapet gjer uttale.



### Bakgrunn for saka:

Innkrevningsutvalet si utgreiing er ved brev av 20.02.08 frå Fornings- og administrasjonsdepartementet (FAD) sendt på alminneleg høyring med høyringsfrist 2. Juni 2008.

Bakgrunnen for utgreiinga er ynsket om å forenkle og samordne den offentlege innkrevjinga, men kommunal innkrevjing takast opp særskilt. Konklusjonen er at det er foreslått statleggjering av ein viktig del av skatteinnkrevjinga – som tilleggare forsøkt av Skattedirektoratet og Finansdepartementet (avvist av Stortinget i 1994 og 1996).

### Vurdering:

Dei kommunale skatteinnkrevjarane klarar å krevje inn 99.7% av samla utlikna skatt; hovudårsaka til at dei ikkje klarar å krevje inn 100%, er det store talet på skjønslikningar og lovgjevinga sin beskyttelse av skatteytar. På tross av dei gode innkrevingsresultata foreslår eit fleirtal i utvalet at alle krava (også forfalte skattar og avgifter som skatteoppkrevjarane krev inn i dag) som ikkje er betalt etter første purring skal overførast ein ny innfordringsetat.

Sett frå kommunal ståstad bør innkrevjinga skje nært til brukarane. Vidare har kommunalt ansvar på feltet positive distriktpolitiske konsekvensar; tal på kontor vil kunne bli redusert til ¼ av i dag p.g.a. sentraliseringa. Kommunal skatteinnkrevjing er òg viktig for å oppretthalde fagmiljøet/fagkompetansen for innkrevjing av øvrige kommunale krav.

Utgreiinga foreslår tiltak som kan bli eit viktig skritt mot full statleggjering av den kommunale innkrevjinga, og i forhold til NOU 2007:12 – Offentleg innkrevning – vil Hjartdal kommune gi slik høyringsuttale knytt til spørsmål communal innkrevjing og spesielt skatteinnkrevjing:

Samordning mellom Skatteetaten, Skatteoppkrevjarane og Toll- og avgiftsetaten skjer allereie i dag på alle aktuelle område

Høg løysingsgrad/gode resultat på skatteinnkrevjing - jfr. 99.7% innkrevjingsgrad. Små kommunar har like god innkrevjingsgrad som store kommunar då skatteinnkrevjing i stor grad dreier seg om kommunikasjon mellom skatteoppkrevjar og skatteytar. Øvrig communal innkrevjing har løysingsgrad nær 100%; dette er synergieffekter av godt fagmiljø på innkrevjingsområdet.

God rettstryggleik. Kommunalt ansvar for skatteinnkrevjing gjev god rettstryffleik for skatteytarane m.a. ved ansvarsmessig skille mellom den som fastset og den som krev inn skatt.

Personvern. Utvalet har ikkje greidd ut om det finst heimel som gjev grunnlag for å etablere eit nytt felles register i den nye innfordringsetaten – jfr. personopplysningslova og EU-direktiv 95/46EF.

God brukarservice. Det er dokumentert at dei kommunale skatteoppkrevjarane utøver god service, og scorar høgare enn dei statlege skattekontora. – jfr. Gallup 2002. Evt. statleggjering og sentralisering av skatteinnkrevjinga vil derfor føre til dårlegare tilgang til offentlege tenester i lokalmiljøa. Dessutan har kommunalt ansvar for skatteinnkrevjing positive distriktpolitiske konsekvensar – jfr. vurderinga over.

Kommunalt økonomisk sjølvstyre. Fortsatt communal skatteinnkrevjing bidrar til å oppretthalde det kommunale økonomiske sjølvstyret idet det er viktig for lokaldemokratiet å kunne påverke inntektsgrunnlaget gjennom god innkrevjingskompetanse.

Samtidig gir det grunnlag for folkevald innsyn og kontroll.

Overgangskostnader. Etablerings-, drifts- og planleggingskostnader vil vere betydelege – jfr. t.d. etablering av NAV-kontora.

Konsekvensar ved statleggjering av ei velfungerande skattebetalingsordning ved etablering av ei statleg tvangsinngift med stigmatisering av skatteytaren er ikkje godt nok utgreidd.

## RÅDMANNEN TILRÅR:

Forslaget til høyringsuttale slik det går fram av saksutgreiinga sendast Fornyings- og administrasjonsdepartementet som Hjartdal kommune si høyringsuttale.

## 29.05.2008 Formannskapet

**Konklusjon:** Skatteinnkrevjing må fortsatt skje gjennom kommunen.

## **FOR-034/08 VEDTAK:**

Forslaget til høyringsuttale slik det går fram av saksutgreiinga sendast Fornyings- og administrasjonsdepartementet som Hjartdal kommune si høyringsuttale.

Skatteinnkrevjing må fortsatt skje gjennom kommunen.

Vedtaket var samrøystes.

Rett utskrift: 3/6 - 08  
Ingebjørg Landsverk

HJARTDAL KOMMUNE

Det Kgl. Fornyings- og administrasjonsdepartementet  
Postboks 8004 Dep.  
0030 Oslo